



Møtebok for Kommunestyret

Møtedato: 13.02.2020
Møtestad: Komferanserommet
Møtetid: 09:00 - 14:00

Kari Natland frå NUI informerer om Biosfæreprosjektet klokka 0900

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Kjetil Eikefet	SA	Ordfører	
Kristin Nåmdal	SA	Medlem	
Liv Anne Aanesen	SA	Medlem	
Anne Britt Almelid	SA	Medlem	
Marit Kristin Nese	SA	Medlem	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Varaordfører	
Linda Neset	SO	Medlem	
Robert Helland	SO	Medlem	
Ole Kristian Øvre Helland	SO	Medlem	
Sigrunn Almelid Birkeland	SO	Medlem	

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Ove Eidsnes	SA	Medlem	Meldt forfall
Roger Wilhelm Fure	SA	Medlem	Meldt forfall
Håvard Engeseth	SO	Medlem	Meldt forfall

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle	Merknad
Inga Jorunn Nåmdal	SA	Varamedlem	Vara for Ove Eidsnes
Nathalia Osmo Yndestad	SO	Varamedlem	Vara for Håvard Engeseth

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Møtesekretær	
Ove Sæbø	Assisterande rådmann	Administrasjon	
Tone Selmer Skuggevik	Teknisk sjef	Administrasjon	

Sakliste

Saknr	Tittel
001/2020	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/2020	Godkjenning av møteprotokoll
003/2020	Referatsaker
004/2020	Orienteringssaker
005/2020	Smittvernplan for Modalen kommune 2020 - 2024
006/2020	Val av kommunal representant til representantskapet i Stiftinga Kystkultur
007/2020	Tilbud om kjøp av fibernettet i Modalen kommune

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033, TI-&17	20/28

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
001/2020	Kommunestyret	PS	13.02.2020

Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksopplysningar:

Kommunestyret - 001/2020

KS - behandling:

Samrøystes vedteke

KS - vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033, TI-&17	20/28

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
002/2020	Kommunestyret	PS	13.02.2020

Godkjenning av møteprotokoll

Forslag til vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

Saksopplysningar:

Kommunestyret - 002/2020

KS - behandling:

Samrøysts vedteke

KS - vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

Vedlegg:

Protokoll - Kommunestyret - 12.12.2019

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatile Lilletvedt	FE-033, TI-&17	20/28

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
003/2020	Kommunestyret	PS	13.02.2020

Referatsaker

Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
003/2020.1	Kartlegging og verdsetting av friluftsområder i Modalen
003/2020.2	NVE åpna vilkårsrevisjon for Evanger kraftverk - Eksingedalsvassdraget og Teidalsvassdraget
003/2020.3	Åpning av vilkårsrevisjon i Steinslands-Modalsvassdraget
003/2020.4	Møtebok frå representantskapsmøte møte i IKTNH 17012020
003/2020.5	Møteprotokoll frå møtet 27. januar, møteplan for 2020 og presentasjonar frå møtet
003/2020.6	Protokoll Regionråd 6-2019, fredag 6. desember 2019

Forslag til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

Saksopplysningar:

Kommunestyret - 003/2020

KS - behandling:

Kommunestyret ynskjer ei orientering om prosjektet med kartlegging og verdsetting av friluftsområder på eit seinare møte.

Kommunestyret oppmoda ordførar om å bruke LVK og Eleveigarlaget som rådgjevarar i prosessen med vilkårsrevisjon i Steinslands - Modalsvassdraget.

Ordfører ynskjer å leggje til rette for gode rutiner for dialog med kontrollutvalet, og samstundes få referert frå møta i kontrollutvalet til kommunestyret.

Ordfører oppmoda alle kommunestyrerepresentantane som er med i ulike råd og utval om å informere kommunestyret om viktige saker som vert jobba med.

Samrøystes vedteke

KS - vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

Vedlegg:

Kartlegging og verdsetting av friluftsområder i Modalen

NVE åpner vilkårsrevisjon for Evanger kraftverk – Eksingedalsvassdraget og Teigdalsvassdraget

Åpning av vilkårsrevisjon i Steinslands--Modalsvassdraget

REPR Møtebok 17012020

2019 01 27 Møteprotokoll - Modalen kontrollutval_sign.

Protokoll Regionråd 6-2019, fredag 6. desember 2019

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033, TI-&17	20/28

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
004/2020	Kommunestyret	PS	13.02.2020

Orienteringssaker

Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
004/2020.1	Statusrapport - tilsegn om løyvingar frå næringsfondet 2018.

Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Kommunestyret - 004/2020

KS - behandling:

Kari Natland frå NUI informerte og svarta på spørsmål om Nordhordland Biosfæreområde. All informasjon kan finnast på heimesida www.nordhordlandbiosphere.no. Biosfæreområdet har og eiga facebookside, Instagram og youtube kanal.

Assisterande rådmann orienterte om status for løyvingar frå Næringsfondet.

Ordførar informerte om mogleg interesse frå Uni Micro om på leige kontorlokale hjå kommunen i det nye Nærings- og tenestesenteret. Teknisk sjef viste skisseløysing for korleis bygget kan utvidast til dette føremålet. Adminstrasjonen undersøker korleis ei evt utviding av prosjektet vert påverka av regelverket for offentlege anskaffingar. Administrasjonen kjem tilbake med sak til handsaming og vedtak i kommunestyret for å ta stilling til ei evt utvidinga av bygget. Om naudsynt vert det kalla inn til ekstraordinært kommunestyremøte for å handsame denne saka.

Ordfører orienterte om toppolitisk møte med KS i Oslo. Ordfører og rådmann følger opp val av ungdomsrådsrepresentanter og organisering av ungdomsrådet.
Samrøystes vedteke

KS - vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

Vedlegg:

Statusrapport - tilsegn om løyvingar frå næringsfondet 2018.

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ove Sæbø	FE-144, FA-G16	20/40

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
005/2020	Kommunestyret	PS	13.02.2020

Smittervernplan for Modalen kommune 2020 - 2024

Forslag til vedtak:

Modalen kommune vedtek «Smittervernplan for Modalen kommune» slik han ligg føre.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Lov om vern mot smittsamme sjukdommar (smittervernlova) pålegg alle kommunar å ha ein eigen smittervernplan for å sikre at lova sine pålegg vert fulgt opp, jfr. § 7-1 og 7-2. Føremålet med planen er å sikre innbyggjarane mot smittsamme sjukdommar.

I Nordhordland har kommuneoverlegane valgt å samarbeide om grunnlaget i planen for deretter å gjere naudsynte lokale tilpassingar for den einskilde kommune. Planen er utarbeid saman med Austrheim, Gulen, Masfjorden, Osterøy, Vaksdal og Modalen kommunar.

Vurdering

Rådmannen si vurdering er at smittervernplanen dekkjer naudsynte område på det viset at kommuneoverlegen i Modalen skal kunne oppfylle krava satt i smittervernlova § 7-2.

Konklusjon

Rådmannen rår til at kommunestyret vedtek planen slik han ligg føre.

Kommunestyret - 005/2020

KS - behandling:

Kommunelege Frøydis Gullbrå informerte om saka og svara på spørsmål. Sigrunn Almelid Birkeland stilte spørsmål om ein framleis distribuerte månadsbrev i postkassane til innbyggjarane slik det står i planen. Kommunelegen svara at her var det ein feil i planen, då slik distribusjon no er på heimesida og informasjonen er i tillegg tilgjengeleg på helsesenteret. Informasjonen kan og gjerast tilgjengeleg på butikken. Kommunestyret slutta seg til dette. Samrøystes vedteke

KS - vedtak:

Modalen kommune vedtek «Smittevernplan for Modalen kommune» slik han ligg føre, med dei endringane angående distribusjon av månadsbrev som kom fram i møtet.

Vedlegg:

Smittevernplan Modalen 2020 - 2024, framlegg til KS 13.02.20

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatile Lilletvedt	FE-033, FA-X42	19/45

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
006/2020	Kommunestyret	PS	13.02.2020

Val av kommunal representant til representantskapet i Stiftinga Kystkultur

Forslag til vedtak:

Modalen kommune velsom representant ogsom vararepresentant for Stiftinga Kystkultur.no i perioden 2020 – 2023.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Modalen kommune vedtok i kommunestyresak 16/19 å melde seg inn i Kystsogevekene i Hordaland no endra til Stiftinga Kystkultur.no, med verknad frå 2020.

Kystkultur.no! arbeidar for å styrkja identiteten i kystdistrikta og å skapa kultur- og reiselivsopplevingar knytta til kysten. Auka trivsel, vekst og nye arbeidsplassar er andre viktige målsetjingar. Målet med arrangementa er å fremja kystkultur og området sitt særtrekk.

Kystkultur no! frontar kystkultur fra alle tider, både gammal og ny. Folk får oppleve kystkultur og yrande folkeliv i mange former og uttrykksmåtar.

Stiftinga har per i dag 24 medlemskommunar og stiftinga er organisert av eit representantskap og styre, forutan dagleg leiar. Representantskapet møtest årleg, til vanleg i april månad, vanlegvis er det ordføraren frå kommunane som møter.

Medlemskommunar i Stiftinga Kystkultur.no:

Vestland fylkeskommune

Alver • Askøy • Askvoll • Austevoll • Austrheim • Bergen • Bjørnafjorden • Bømlo • Fedje • Fitjar • Fjaler • Gulen • Hyllestad • Kvinnherad • Masfjorden • Modalen • Osterøy • Samnanger • Solund • Stad • Stord • Sveio • Tysnes • Øygarden

Kommunestyret - 006/2020

KS - behandling:

Ordførar informerte om saka og låg fram forslag om at ordførar vert representant og varaordførar vert vararepresentant i Stiftinga Kystkultur.
Samrøystes vedteke

KS - vedtak:

Modalen kommune vel ordførar som representant og varaordførar som vararepresentant for Stiftinga Kystkultur.no i perioden 2020 – 2023.

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FA-N64	20/9

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
007/2020	Formannskapet	PS	03.02.2020
007/2020	Kommunestyret	PS	13.02.2020

Tilbud om kjøp av fibernettet i Modalen kommune

Forslag til vedtak:

Modalen kommune vedtek å selje fibernettet, som kommunen eig og har bygd, ut til Bergen Fiber A/S for kr 1.884.000,- eks mva.

Rådmann og ordførar får fullmakt til å gjennomføre salet og skrive kontrakt/salsavtale med Bergen Fiber. Det skal kome fram i avtalen at Bergen Fiber A/S forpliktar seg til å levere fiber til nye fastbuande kundar på same vilkår som kommunen gjer i dag.

Saka skal tilbake til kommunestyret for avgjersle dersom det endelege tilbodet frå Bergen Fiber A/S, etter befarung av fibernettet, avviker negativt frå det førebelse tilbodet på kr 1.884.000,-

Modalen kommune vedted å gå vidare med prosessen om eit evt sal av fibernettet, som kommunen eig og har bygd ut, til Bergen Fiber A/S for kr 1.884.000,- eks mva.

Eit sal forutset godkjenning frå BKK Digitek angående overføring av rettar og plikter frå Modalen kommune til Bergen Fiber.

Saka skal tilbake til kommunestyret for endeleg avgjersle når framlegg til salsavtale/kontrakt ligg føre

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Modalen kommune og Bergen Fiber har jamnlege samarbeidsmøter om fibernettet i Modalen, som kommunen er eigar av. I møte 11. okt 2019 kom det fram at Bergen Fiber var interessert i å gje kommunen eit tilbod om å kjøpe fibernettet frå kommunen, og såleis overta alle rettane til fibernettet samt overta alle kostnadar knytta til stolpeleige, drift, vedlikehald, reperasjonar og framtidige oppgraderingar og utbyggingar.

15. nov 2019 kom Bergen Fiber med tilbud til kommunen om kjøp av fibernettet for kr 1.884.000,- eks mva. Bergen Fiber ynskjer å gjennomføre befaring av kvaliteten på nettet før ein evt kjøpsprosess vert fullført. Tilbudet er berekna utifrå Kr 12.000,- eks mva pr aktive kunde, basert på 157 aktive kunder på tilbodstidspunktet. Bergen Fiber vil i tillegg forplikte seg til å levere fiber til nye fastbuande kundar med same praksis som Modalen kommune har i dag. Dette vil seie at Bergen Fiber vil dekke tilkoplingskostnader på inntil kr 15000,- pr kunde, og kunden må dekke kostnader utover dette. Rådmannen har informert Bergen Fiber om at saka må opp til politisk handsaming og avgjersle.

Utbygging av fiberbasert breiband til husstandane i Modalen var oppe til politisk handsaming i 2008 og 2009(sjå vedlegg). I kommunestyresak 025/09 gjorde kommunestyret vedtak om å starte utbygging, og ein godkjende ei investeringsramme for utbygging på kr 5.880.000,-. Av rekneskapsoversyn frå 2008 og 2009(sjå vedlegg) kan ein finna bokførte utgifter på tilsaman kr 6.260.000,-. I tillegg er det bokført om lag kr 1.200.000,- i rekneskapet for 2010 til utbygginga. Totalt vert dette om lag kr 7.460.000,-

Vurdering

Modalen kommune er i dag den einaste kommunen i BKK/Bergen Fiber sitt nedlagsfelt der kommunen sjølv er eigar av fibernettet. I alle andre kommunar er det operatøren av nettet som eig fibernettet. Årsaka til at kommunen stod bak og finansierte utbygginga her i kommunen, er nok hovudsakleg at BKK/Bergen Fiber ikkje såg det som rekningssvarande å byggje ut fiberbasert breiband i Modalen, med omsyn til det låge talet på moglege abonnentar. Tilbodet frå Bergen Fiber gjenspeglar dette, då kjøpesummen vil vere om lag 1/4 av det det kosta kommunen å byggje ut nettet i si tid.

Per i dag betaler Bergen fiber aksessleige til kommunen pr abonnent for bruk av fibernettet. Denne leiga er i 2020 på om lag kr 155 000,- årleg. Av faste utgifter på fibernettet betaler kommunen i dag om lag kr 28 000,- årleg til Modalen kraftlag i stolpeleige/fellesføringsavgift for at fiberen heng i kraftlaget sine stolpar. I tillegg har kommunen ein avtale med BKK om drift og vedlikehald av fiberanlegget(sjå vedlegg). Denne avtalen har ein minimumskostnad for kommunen på kr 60 000,- i året for beredskap. Alle kostnader til arbeidstid, materiell, utrykking, reisetid og liknande kjem i tillegg etter avtalte satsar.

Slår ein saman inntekter og utgifter, ser ein at kommunen per i dag har ei årleg netto inntekt på om lag kr 67 000,- på å eige fibernettet sjølv, dersom ingenting uforutsett skjer som krev vedlikehald, reparasjonar, oppgraderingar og liknande. Ein salssum på kr 1884.000 vil såleis tilsvare om lag 28 års framtidige årlege inntekter for kommunen.

Fordelar ved å selje nettet vil vere at kommunen vil få tilbake om lag ¼ av investeringskostnadane frå 2008 – 2010, samt at ein vidare i åra framover ikkje får uføresette kostnader med reparasjon, vedlikehald, oppgraderingar og liknande. Dette er kostnader som er vanskeleg å spå omfanget av og dermed budsjettere med. Det er likevel på det reine at det ikkje skal store hendingar til før ein har større årlege utgifter på nettet enn inntekter. Eit sal kan såleis spare kommunen for store utgifter i framtida.

Det er vanskeleg å sjå store bakdelar for kommunen ved eit sal av fibernettet. Eit sal vil sjølvsagt føre til at kommunen mister råderetten over framtidig utviding, utbygging og utvikling av fibernettet, men Bergen Fiber vil forplikte seg til å levere til nye fastbuande kundar på same vilkår og praksis som kommunen har i dag. Innbyggjarane vil difor truleg merke lite eller ingenting til eit eigarskifte.

Konklusjon

Drift av fibernett ligg utafor kommunen sine kjerneoppgåver og kompetanseområder, noko som krev kjøp av tenester til alt arbeid som skal utførast på nettet. Rådmannen vurderer at det ved eit sal av fibernettet vil vere langt fleire fordelar enn bakdelar for Modalen kommune. Kommunen har

oppnådd det ein ville med den store investeringa i infrastrukturen til fibernettet, og kan såleis ved eit sal få tilbake om lag ¼ av kostnadane. I tillegg vil eit sal spare kommunen for framtidige kostnader til reparasjon, vedlikehald, oppgraderingar ol, som både er vanskeleg å forutsjå eit evt omfang av og budsjettere med.

Formannskapet - 007/2020

FOR - behandling:

Rådmannen orienterte om saka og svara på spørsmål.
Samrøystes vedteke

FOR - vedtak:

Modalen kommune vedtek å selje fibernettet, som kommunen eig og har bygd, ut til Bergen Fiber A/S for kr 1.884.000,- eks mva.

Rådmann og ordfører får fullmakt til å gjennomføre salet og skrive kontrakt/salsavtale med Bergen Fiber. Det skal kome fram i avtalen at Bergen Fiber A/S forpliktar seg til å levere fiber til nye fastbuande kundar på same vilkår som kommunen gjer i dag.

Saka skal tilbake til kommunestyret for avgjersle dersom det endelege tilbodet frå Bergen Fiber A/S, etter befarung av fibernettet, avviker negativt frå det førebelse tilbodet på kr 1.884.000,-

Kommunestyret - 007/2020

KS - behandling:

Rådmann informerte om saka og svara på spørsmål. Rådmannen informerte og om at kommunen har avtalar med BKK Digitek frå 2006 og 2011 som tilseier at begge partar må godkjenne overføring av eigedomsrettar og plikter til ein tredje part.

Under debatten kom det fram at kommunestyret er usikker på langsiktige konsekvensar av eit sal av fibernettet, med tanke på til dømes framtidige oppgraderingar av nettet o.l. Rådmannen fremma forslag om at endeleg avtale/salskontrakt skal godkjennast av kommunestyret før eit evt sal vert gjennomført. Rådmann laga nytt framlegg til vedtak som ordfører tok til røysting.

Samrøystes vedteke

KS - vedtak:

Modalen kommune vedtek å gå vidare med prosessen om eit evt sal av fibernettet, som kommunen eig og har bygd ut, til Bergen Fiber A/S for kr 1.884.000,- eks mva.

Eit sal forutset godkjenning frå BKK Digitek angående overføring av rettar og plikter frå Modalen kommune til Bergen Fiber.

Saka skal tilbake til kommunestyret for endeleg avgjersle når framlegg til salsavtale/kontrakt ligg føre

Vedlegg:

Avtale om drift og vedlikehald av fiberanlegg

Politiske saker fibernettet 2008 og 2009

Rekneskap investering fiberbreiband 2009